



Arkivnr: 2014/11765-1
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014

Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtaler med regionale næringsretta utviklingsaktørar

Samandrag

Fylkeskommunen gjer økonomisk støtte til utvalde organisasjonar som arbeider med regional næringsutvikling i Hordaland. Dette skjer dels over fylkeskommunen sitt eige budsjett på budsjettposten «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott» og dels ved å øymerke ein del av budsjettmidlane i «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland» (tidlegare RUP).

Nye fylkeskommunale retningslinjer for fylkeskommunal støtte næringsretta utviklingsaktørar vedtatt av fylkesutvalet 29.08.2013. Retningslinjene tar mellom anna omsyn til prioriteringar i ny næringsplan og nasjonale og regionale retningslinjer. Retningslinjene seier også noko om handsaming av søknader om støtte.

I denne saka blir alle aktørane som i dag mottar støtte vurdert i høve til retningslinjene og det blir fremma konkret forslag til stønad og for kor lenge.

Forslag til vedtak

- Fylkesutvalet går inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktørar over fylkeskommunen sin budsjettpost «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott» skal bli gitt til:
 - Fjord Norge med totalt kr 4 040 000 for 2014.
 - Samarbeidsavtalar med destinasjonar i Hordaland med kr 765 000 for 2014.
 - Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland med kr 730 000 for 2014.
 - Samarbeid med regionale tiltakskontor med kr 1 025 000 for 2014.
 - Fiskeriforum Vest med kr 310 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Bergen Vitensenter med kr 3 550 000 for 2014.
 - HOG Energi med kr 890 000 for 2014.
 - Business Region Bergen med kr 2 400 000 i driftsstøtte og kr 1 780 000 i prosjektstøtte for 2014. Av prosjektstøtta er kr 200 000 øymerkt Knowledge HUB Bergen.
- I tillegg til tidlegare vedtak i einskildsaker, går fylkesutvalet inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN budsjettet) skal bli gitt som følgjer:

- Atheno med kr 1 300 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Industriutvikling Vest med kr 700 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Nyskapingsparken med kr 900 000 pr år for åra 2014 til 2016.
 - MediArena med kr 200 000 for 2014.
 - Nordhordland næringshage med inntil kr 300 000 for 2014.
 - Gulen og Masfjorden Næringshage med inntil kr 150 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Voss næringshage med inntil kr 300 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Ungt Entreprenørskap med kr 400 000 pr år for 2014 til 2016.
 - Design Region Bergen med kr 500 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Maritimt forum for Bergensregionen med kr 500 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Fiskeriforum Vest med kr 190 000 pr år for 2014 og 2015.
- I tillegg blir det sett av ei ramme på kr 800 000 til mogleg støtte til Connect Vest og kr 150 000 til ein eventuell ny næringshage i 2014.
3. Fylkesutvalet vedtar avvikle ordninga med driftstilskott over budsjettposten Prosjekt og institusjonar med driftstilskott til desse organisasjonane: Regionsenteret for husflidsnæringa og Husflidskonsulenten.
Vidare blir ordninga med driftstilskott over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland til Bergen Internasjonale Film Festival (BIFF) og Nordiske mediedagar avvikla.
 4. For all fylkeskommunal støtte nemnt under punkt 1 og 2 over gjeld at beløpet kan bli justert som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer for og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.
 5. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sine framlegg i denne saka til vidare handsaming av eventuell støtte utover dei åra angitt i dette vedtaket for den einskilde organisasjon i punkt 1 og 2 over.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.02.2014**1. Bakgrunn.**

Fylkeskommunen støttar utvalde næringsretta utviklingsaktørar som blir vurdert som viktige partnerar for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Dette skjer over to budsjettpostar. Den eine er «Prosjekt, institusjonar med driftstilskott» finansiert over eige budsjett. Den andre er budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN budsjettet) som i det vesentlege er øyremerkte midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).

Over tid har det utvikla seg ein ueinsarta praksis med omsyn til kva organisasjonar/sectorar som får støtte, tidsramme for støtte (antall år) og storleik på støttebeløp.

Fylkesrådmannen starta difor arbeidet med gjennomgang og revisjon av fylkeskommunal tildeling av støtte til regionale næringsutviklingsorganisasjonar. Samarbeidet med mange av aktørane er utvikla over lang tid og fleire av dei grunnleggjande premissane kan vere endra. Samstundes er det klart at den fylkeskommunale støtta rører ved fleire av desse organisasjonane sitt eksistensgrunnlag. Det har difor vist seg naudsynt å handsame saka i fleire trinn for å sikre at fylkeskommunen sine strategiske næringsmessige målsettingar vert nådd samstundes som inngåtte avtalar og samarbeid med organisasjonane vert best mogleg ivareteke.

Det er viktig å merke seg at fylkeskommunen framleis kan løyve **prosjektretta støtte** til dei organisasjonane som ikkje lengre kjem inn under ordningane for driftsstøtte.

2. Tidlegare handsaming.

Sak om fylkeskommunal støtte til regionale bransje- og utviklingsaktørar vart fremma til fylkesutvalet sitt møte 31.01.13 (Sak 5/13). Saka vart utsett med oppmoding om å dele opp saka.

I Sak 5/13 vart det også foreslått at fylkeskommunen for 2013 skulle gi støtte til Design Region Bergen og Maritimt forum for Bergensregionen og utvide støtta til Fiskeriforum Vest. For å få avgjort dette vart det fremma sak til fylkesutvalet 21.03.13 (Sak 87/13). I denne saka vart det gjort slikt vedtak:

1. *Det vert gjeve tilsegn om tilskot over RUP budsjettet til følgjande organisasjonar i 2013:*
 - a) *Design Region Bergen på kr. 500.000*
 - b) *Maritimt forum for Bergensregionen på kr 500.000*
 - c) *Fiskeriforum Vest får auka sitt tilskot til kr 500.000*
2. *Fylkesutvalet ber om å få sak om nytt forvaltingsregime og meir einsarta rammer for samarbeidsavtalar før sommaren.*
3. *Fylkesutvalet ber Fylkesrådmannen leggje fram sak om kva for organisasjonar som skal ha driftsstøtte frå 2014 etter at sak om forvaltingsregime og meir einsarta rammer for samarbeidsavtalane er vedteken.*

Til fylkesutvalet 29.08.13 (Sak 199/13) vart det fremma ei sak som omhandla punkt 2 i vedtaket i Sak 87/13 kor det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkeskommunal støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar skal vurderast ut frå desse kriteria:*
 - a) *Aktørane skal gjennom definerte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i regional næringsplan, regionalt utviklingsprogram og eventuelle vedtekne næringsretta strategiar på det aktuelle feltet.*

- b) *Er fylkeskommunal støtte avgjerande for eksistensen for samarbeidsaktørane, eventuelt for dei aktivitetane fylkeskommunen ønskjer å styrke.*
 - c) *Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen i høve til andre aktørar med same eller tilgrensande arbeidsfelt/fagområde.*
 - d) *Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontortenester etc.*
 - e) *For prosjekt og einingar under nasjonale næringsutviklingsprogram vert det i tillegg lagt inn som eit prioriteringskriterium om fylkeskommunale midlar vil ha ein utløysande effekt ved etablering eller medverke til monaleg høgare aktivitetsnivå. Dette skal også gjelde regionale tiltak og einingar med tilsvarande formål, men som ikkje er med i nasjonale program.*
2. *Forvaltingsregime for handsaming av søknader om støtte frå regionale næringsutviklingsaktørar:*
- a) *Alle saker om fleirårige samarbeidsavtaler og støtte skal handsamast av fylkesutvalet.*
 - b) *Avtalene skal vere tidsavgrensa til ein periode på 3 år, men kan i tilfelle der det er særlege grunnar for det, gjelde for inntil 5 år. I ei sak om vidareføring for ein ny periode, skal samarbeidet vurderast i høve til inngått avtale og til punkt 1 over.*
 - c) *Moglegheita for finansiering av ein aktør over RUP budsjettet for ein periode på 3 til 5 år skal normalt nyttast før ein eventuelt fremmer forslag om overføring til budsjettposten Mellombelse driftstilskott. Aktørar som vert finansiert over Mellombelse driftstilskott, skal normalt ikkje overførast til RUP budsjettet sjølv om omfanget av samarbeidet vert justert/endra.*
 - d) *Fylkeskommunal støtte til aktørar under ordningar i regi av dei nasjonale virkemiddelaktørane skal skje frå RUP budsjettet, også utover ein periode på 5 år, dersom ikkje særskilte forhold talar for noko anna. Der dette er mogleg, vil dette også gjelde andre regionale aktørar med tilsvarande føremål og organisering, men som av ulike grunner ikkje er med i ei ordning under dei nasjonale virkemiddelaktørane.*
 - e) *Saker om vidareføring av samarbeid må vere avgjort så tidleg på året at ei eventuell vidareføring av samarbeidet kan innarbeidast i budsjettet for året etter.*
3. *I gjennomgangen av aktørar som for tida får støtte frå fylkeskommunen gjeld:*
- a) *Vidareføring av samarbeid frå 2014 med alle regionale næringsutviklingsaktørar med unntak av VilVite og BRB, skal vurderast i høve til punkt 1over. Dette gjeld støtte både over RUP budsjettet og over Mellombelse driftstilskott.*
 - b) *Det vert gjort ei særskilt vurdering av om støtte til VilVite skal bli handsama saman med næringsretta utviklingsmidlar eller bli overført til Opplæringsavdelinga sitt ansvarsområde.*
 - c) *Støtte til BRB skal framleis skje etter særskilt handsaming.*
4. *Samarbeid med nye aktørar skal bli vurdert i høve til prioriteringskriteria i denne saka.*

Denne saka omhandlar punkt 3 i vedtaket i Sak 87/13 og gjer framlegg til vedtak om kva organisasjonar som skal støttast frå og med 2014, for kor lang periode og kor mykje.

3. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over budsjettposten «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott» i fylkesbudsjettet.

I budsjettet for 2014 er det ført opp kr 15,5 mill kr på denne budsjettposten. Dette er 2,282 mill kr mindre enn i 2013. Kutta er dels ein følgje av vedtak Handlefridom II der det er lagt til grunn at det skal kuttast 1,5 mill kr

. Av dette er 0,5 mill kr er spesifisert til å gjelde regionkontora, medan resten er uspesifisert. Som ein konsekvens av at driftsrammene for fylkeskommunen i 2014 er redusert med totalt kr 30 mill, er denne posten ytterlegare redusert med kr 782 000 i budsjettet for 2014.

I tabellen under er fylkesrådmannen sitt forslag til fordeling tilskott til dei ulike organisasjonane oppsummert og samanlikna med tilsvarande støtte for 2013. For nærare grunngjeving visast til omtalen av dei ulike aktørane under.

Prosjekt og institusjonar med driftstilskot (Tal i heile 1000 kr)

	Støtte i 2013	Forslag 2014¹⁾	Endring %
Fjord Norge	4 070	4 050	-0,5
Samarbeidsavtale med destinasjonar i Hordaland	1 015	765	-24,6
Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland	733	730	-0,4
Regionsenteret for husflidsnæringen	201	0	-100
Husflidskonsulenten	196	0	-100
Samarbeid med regionale tiltakskontor	1 529	1 025	-0,2
Fiskeriforum Vest	308	310	+0,6
Utdanning i Bergen	200	0	-100
Bergen Vitensenter AS	3 558	3 550	-0,2
HOG Energi	1 008	890	-11,7
Business Region Bergen, driftsstøtte	2 401	2 400	0
Business Region Bergen, prosjektstøtte	2 563	1 780	-30,6
Sum støtte	17 782	15 500	-12,8 %

¹⁾ Sjå omtale i teksten under for grunngjeving

Fjord Norge

Støtte til Fjord Norge AS har vore utbetalt samla men består i realiteten av to ulike postar. Det eine er ein rammeavtale mellom Fjord Norge AS og dei fire vestlandfylka. Det andre er støtte til prosjektet «Explore Fjord Norway».

Rammeavtalen gjeld frå 1. januar 2007 og kan seiast opp med eitt års varsel av begge partar. Beløpet var opphavelig på 1,35 mill kr., og skal i følgje avtalen indeksjusterast kvart år. For 2014 vil dette utgjøre omlag 1,55 mill kr.

I samband med budsjetthandsaminga for 2010 godkjente fylkestinget at Fjord Norge AS for perioden 2010 – 2014 skulle få ein støtte på 2,5 mill kr pr år til prosjektet «Explore Fjord Norway». Tilsvarende vedtak er gjort i dei tre andre fjordfylka. Samla tilskott for 2013 var for høgt då også dette tilskottet ved ein feil vart indeksregulert i 2012 og 2013. Dette er retta opp i 2014. Det er venta at Fjord Norge AS vil komme med ein ny søknad om langsiktig støtte til internasjonal marknadsføring frå 2015.

Fylkeskommunane har i 2013 bedt styret i Fjord Norge om at prosjektet Explore Fjord Norway vert evaluert for effekt og resultat. I tråd med nasjonal reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» skal det vere landsdelsselskap i heile Noreg og signal tydar også på at det kan vere snakk om nasjonal grunnfinansiering, men då tidlegast frå 2015. For Vestlandet er det Fjord Norge som har denne rolla, men selskapet vil stå ovanfor betydelege endringar og tilpassingar om det skal utvikle seg i tråd med det som er lagt til grunn i nasjonal strategi. Kva form selskapet skal ha er enno ikkje klart.

Fylkesrådmannen tilrår at Fjord Norge får kr 1,55 mill kr i støtte knytt til rammeavtalen og kr 2,5 mill kr i støtte til prosjektet Explore Fjord Norway i tråd med avtalen. Vidare vil eg ta opp med dei andre fylkeskommunane korleis den fylkeskommunale støtta til Fjord Noreg skal vidareførast frå 2015 og vil i løpet av 2014 komme attende med ei eiga sak om dette.

Samarbeidsavtale med destinasjonar i Hordaland

Hordaland har i dag fem destinasjonsselskap for reiseliv. Selskapa er finansiert gjennom medlemsavgift og kommunale midlar. Hordaland fylkeskommune gjev driftsmidlar til selskapa etter ein rammeavtale som vert revurdert for kvart år. Støtta har til no vore delt likt mellom dei fem selskapa, og sikrar vidareføring og vedlikehald av investeringar gjort gjennom store felles prosjekt som t.d. sykling og vandring i Hordaland. Tilskottet sikrar også samarbeid mellom organisasjonane gjennom deltaking i Forum Reiseliv og i høve til

nasjonal reiselivsstrategi. I dei kommande 3-5 åra skal norsk reiseliv gjennomføre ei stor omstrukturering kor det mellom anna er eit mål å halvera talet på destinasjonsselskap. Det er uklårt om det kan bli nasjonal medfinansiering også til dei restrukturerte «destinasjonsselskapa». Sjå også omtalen av Fjord Noreg over.

I påvente av den nasjonale omstrukturingsprosessen tilrår fylkesrådmannen at støtte til destinasjonsselskapa vert vidareført med 765 000 kr for 2014. Også her vil eg komme attende med ei eiga sak om eventuell vidareføring av støtte til dette nivået i reiselivsorganiseringa i løpet av 2014.

Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland

Då den felles organisasjonen Hordaland Reiseliv vart lagt ned i 2009, vart det gitt midlar til å vidareføre nokre av oppgåvene gjennom ein felles prosjektleiar for alle destinasjonsselskapa i Hordaland. Avtala, som gjaldt for tre år, vart vidareført i 2012. Samstundes vart ein ny person tilsett i stillinga i den nye perioden. Bergen Reiselivslag har arbeidsgjevaransvar for stillinga, som utfører oppgåver etter ein handlingsplan godkjent av leiarane for destinasjonsselskapa. Oppgåvene inkluderer felles nasjonal marknadsføring av Hordaland, felles oppgåver innanfor booking/web, oppgåver utført på bestilling av kvar enkelt destinasjonsselskap og utvikling av ei felles MICE-satsing (møter, konferansar, kurs og insentivreisar) for destinasjonane. Arbeidet med å leggje til rette for felles løysingar på utfordringar i regionen er heilt i tråd med føringane i nasjonal reiselivsstrategi. Tilgjengelegheit av reiselivsprodukta gjennom gode bookingløyisingar er sentralt for god lønsemd i bedriftene. Her er det framleis store utfordringar før gode system er på plass, og ein felles ressurs med god kompetanse på dette feltet har frigjort verdifulle ressursar for dei enkelte destinasjonsselskapa som dei i staden kan nytte til operasjonelle tiltak i eigne regionar.

Fylkesrådmannen tilrår at støtte til dette tiltaket vert vidareført i tråd med avtalen for 2014 med kr 730 000. I den varsla saka om destinasjonsselskapa (sjå over) vil også ei eventuell vidareføring av støtte til dette tiltaket bli handsama.

Regionsenter for husflidsnæringa:

Regionsenteret for husflidsnæringa har motteke fylkeskommunal støtte i ei årrekke knytt til ein samarbeidsavtala som gikk ut 31.12.2013.

Regionsenteret for husflidsnæringa har som føremål å hjelpe til med næringsutvikling og medverke til etablering av lønsame verksemdar innan handverks- og husflidssektoren. Det ligg ikkje føre årsmelding for 2012 og 2013 enno grunna sjukdomsfråvere. Dette har òg medført at aktiviteten har vore lægre enn planlagt, då prosjektet er særst avhengig av dagleg leiar sitt nettverk og kompetanse.

I årsmeldinga for 2011 står det: «Det er omtrent ingen nye etablerere på Husflids- og handverkssektoren.» Frå sommaren 2013 står òg Regionsenteret utan kontorstad då det ikkje lenger er ledig kontorplass på Museumssenteret i Salhus. Det fylkeskommunale tilskotet er no det einaste offentlege driftstilskotet Regionsenteret mottar, men dei har òg nokre inntekter frå eit samarbeid med Vestnorsk kulturakademi ved Tekstilkulturstudiet.

Det er vanskeleg å forsvare løyvinga til Regionsenteret for husflidsnæringa med utgangspunkt i fylkeskommunen sine styrande dokument for regional næringsutvikling, Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og handlingsprogrammet for 2014. Rapporteringa indikerar også at regionsenteret ikkje fungerer i høve til føremålet. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkeskommunen ikkje lengre skal støtte Regionsenteret for husflidsnæringa. Eit kutt i støtte frå fylkeskommunen vil truleg innebære ei avviking av regionsenteret.

Husflidskonsulenten

Husflidskonsulenten skal, saman med andre aktørar, leggje til rette for vidare utvikling av husflid i fylket. Dei fylkesvise konsulentstillingane er ei samfinansiering mellom Noregs Husflidslag og kvart fylke. Den noverande samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunen og Husflidskonsulenten gjekk ut 31.12.2013.

Tema for dei siste samarbeidsmøta med fylkeskommunen har i stor grad vore retta mot kunst- og handverkslinene i vidaregåande skule og betydninga av desse faga og vidareutvikling av tekstilhandverket. Det som omhandlar næringsutvikling er i stor grad fråverande.

Etter fylkesrådmannen si vurdering rettar arbeidet til Husflidskonsulenten seg i stor grad mot opplæring, ivaretaking og formidling av kulturhandverk. Dette er aktivitetar som i liten grad er forankra i dei nemnde styringsdokumenta for regional næringsutvikling. Eg vil difor tilrå at støtte til Husflidskonsulenten over denne budsjettposten går ut frå 2014. Husflidskonsulenten kan søke om støtte til utviklingsretta tiltak via Kulturelt utviklingsprogram.

Drift regionale tiltakskontor.

Dei regionale tiltakskontora/regionråda fungerer mellom anna som eit bindeledd mellom fylkeskommunen og næringslivet og kommunane i dei ulike regionane. Tiltakskontora får årleg tilskott frå fylkeskommunen for å utføra næringsretta utviklingsarbeid for Hordaland fylkeskommune. Forvaltning av Regionale næringsfond står sentralt i tiltakskontora sitt arbeid. Det er inngått samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av tiltakskontora som kan seiast opp med eitt års varsel.

Som eit av tiltaka i Handlefridom II er det lagt til grunn at tilskotet til regionkontora skal reduserast med ytterlegare kr 500 000 i 2014. Sjølv om tilskotet vert redusert oppfyller fylkeskommunen framleis pliktene som ligg i avtalane. For 2014 tilrår difor fylkesrådmannen kr 1 025 000 i tilskot. Støtta til regionråda er no halvert dei siste to åra. Fylkesrådmannen vil difor gjennomføre ei vurdering av om det er hensiktsmessig å vidareføre støtta til regionråda i 2015 eller om det vil vere meir effekt av å nytte desse midlane på ein annan måte. Eg vil komme attende med ei eiga sak om dette i løpet av 2014.

Fiskeriforum Vest

Fiskeriforum Vest er ein medlemsorganisasjon for sjømatbransjen og offentleg sektor. Fylkeskommunen er medlem. FFV har 3 tilsette og samarbeider tett med Norsk sjømatsenter. Formålet er å bidra til ein kompetansebasert næringsutvikling og styrke samhandling regionalt mellom myndigheiter, næringsliv og forskingsmiljøa. Stiftelsen er også eit «policyorgan» for Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune i saker som gjeld marin næringspolitikk. Fiskeriforum Vest skal initiere og koordinere samhandlingstiltak som medverkar til auka verdiskapning for marine næringsaktørar og forskingsmiljø.

Fiskeriforum Vest har eit årleg budsjett på 3,2 mill. kr og får årleg driftstilskot frå HFK og frå Bergen kommune. Tilskottet frå HFK har vore ca 300 000 kr i fleire år, men er auka til 500 000 kr i 2013 (sjå vedtak Sak 87/13 punkt 1, over). Støtte frå Bergen kommune er i 2014 vidareført med kr 470 000. I samband med dei årlege løyvingane av driftstilskot vert det utarbeidd eit tildelingsbrev der fylkeskommunen sine krav og forventningar vert konkretisert.

Fiskeriforum Vest sine aktivitetar og prosjekt er med å støtte opp under måla for dei strategiske styringsdokumenta i kommunen. I fylkeskommunen sine føringar for driftsmidlane er samarbeid med Business Region Bergen undrestreka. Det er difor godt samarbeid og koordinering mellom desse organisasjonane på det marine feltet (sjømat). Ein prosess er i gang for å få til ein felles teneste innan kommunikasjon mellom BRB og FFV.

Fiskeriforum Vest sin verksemd er i stor grad avhengig av den årlege driftstøtta som vert gitt frå fylkeskommunen og frå Bergen kommune. Bergen kommune vidarefører si støtte i 2014. FFV er ein viktig bransjeorganisasjon i Hordaland innan sjømat/marin sektor og har vore ein god samarbeidspartnar for fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen rår til at driftstilskotet på kr 500 000,- pr. år til Fiskeriforum Vest vert vidareført for dei neste 2 åra. Av dette går kr 310 000 frå denne budsjettposten medan resten, kr 190 000, også for dei to neste åra vert tatt frå RUP budsjettet. I løpet av 2015 vil det bli fremma ei sak for fylkesutvalet med ei vurdering av samarbeidet og om det skal vidareførast med ein ny 3 års periode frå 2016.

Fiskeriforum Vest har, saman med andre utviklingsaktørar og fleire bedrifter, ambisjonar om å søke om å bli tatt opp i Global Centre of Expertice (GCE) programmet. Fylkeskommunen har gitt tilsegn om inntil kr 150 000 i støtte til førebuing av eit slikt kandidatur.

Utdanning i Bergen:

I samband med handsaming av budsjettet for 2013 gjekk Fylkestinget inn for å vidareføre støtte til Utdanning i Bergen, og la inn kr 200 000 til opplæring av rådgjevarar. Denne budsjettposten er difor overført til Opplæringsavdelinga i 2013 og det vert ikkje avsett midlar for 2014 her.

HOG Energi

HOG Energi er ein medlemsorganisasjon for fylkeskommunen, kommunar, organisasjonar, institusjonar og verksemdar med oppgåver og interesser innafor verdiskaping knytt til olje, gass, og fornybar energi i Hordaland. HOG Energi har som føremål å syta for at energiressursane i Hordaland vert nytta til verdiskaping i fylket på ein optimal måte. HOG Energi har ei viktig oppgåve med å koordinera ei rekkje aktivitetar og tiltak knytt til energisektoren. HOG Energi har 2 fast tilsette og er samlokalisert med BRB.

Fylkeskommunen har hatt eit nært og godt samarbeid med HOG Energi i mange år. Etter at støtta til HOG Energi i nokre år hadde vore gitt som ein del av støtta til BRB, vart det i fylkestinget si Sak 69/11 «Årsbudsjett 2012/ Økonomiplan 2012 – 2015» gjort slikt vedtak:

Fylkestinget er oppteken av at næringsmidlar går til formålet og ikkje til byråkrati. Frå 1. januar 2012 vert midlane frå fylkeskommunen til Hordaland Olje og Gass gitt direkte til HOG utan å gå gjennom BRB.

I samband med denne omlegginga vart det gjort ein vurdering av det vidare samarbeidet med HOG Energi og ein partnerskapsavtale vart inngått. Av ei total ramme i 2013 på 1 008 000 kr gjekk kr 100 000 til å dekke fylkeskommunen sin årskontingent i HOG Energi. Resten gjekk til å oppfylle forpliktingane i partnerskapsavtalen. I tillegg til fylkeskommunen får HOG Energi offentleg støtte frå Bergen kommune med kr 660 000 i 2014.

2014 er siste år i ein treårs periode for HOG Energi. Fylkesrådmannen tilrår at det vert sett av kr. 890 000 i støtte for 2014 som er noko lågare enn for 2013. I løpet av 2014 vil det bli gjort ei vurdering av korleis samarbeidsavtalen med HOG Energi har fungert og eg vil komme attende med ei eiga sak om eventuell vidareføring for ein 3 års periode frå 2015.

Bergen Vitensenter AS:

Bergen Vitensenter AS (ViVite) opna nye lokalar på Marineholmen 31. mai 2007. Vitensenteret har fått driftstøtte frå fylkeskommunen frå og med 2007. Av den årlege støtta er ca 0,5 mill kr sett av som kompensasjon for vidaregåande elevar si bruk av senteret. Hordaland fylkeskommune er medeigar i vitensenteret. Bergen vitensenter har 28 tilsette.

Føremålet med Bergen Vitensenter er å utvikle og drive eit populærvitenskapeleg opplevings- og læringsssenter for teknologi, naturvitenskap, matematikk og humanoria spesielt retta mot barn og unge. Senteret skal og drive annan verksemd som naturleg høyrer saman med dette og å delta i samarbeid med andre føretak med liknande verksemd. Bergen vitensenter skal ikkje gje økonomisk utbytte til aksjonærane.

I fylkeskommunen sin Eigarskapsmelding 2013 er eigarskapsstrategien for Bergen Vitensenter definert som følgjer:

«Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter, og knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande skular. I tillegg til den direkte nytten ved at skulane kan bruke senteret i undervisninga, har fylkeskommunen interesse i senteret ut frå rekrutteringsbehov til matematikk og naturfag i vidaregåande skular.

Bergen vitensenter gjer eit særstøtt viktig samfunnsoppgåve som ikkje vert ivaretatt av andre.

Fylkesrådmannen tilrår difor at støtta til Bergen vitensenter vert oppretthaldt på same nivå som i 2013 med 3,55 mill kr for 2014. Når støtta til vitensenteret vert overført til Opplæringsavdelinga vert posten «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott» trekt ned tilsvarande.

Verksemda er i hovudsak retta mot skular og mot barn og unge og i liten grad mot satsingane innafør regional næringsutvikling slik dette er omtalt i fylkeskommunen sine styrande dokument på området. På grunnlag av dette meiner fylkesrådmannen det er naturleg at støtta til, og ansvaret for oppfølging av Vitensenteret vert overført til Opplæringsavdelinga.

Business Region Bergen, driftsstøtte og prosjektstøtte.

Business Region Bergen AS vart etablert i 2008 etter initiativ frå Bergen kommune og arbeider med regional næringsutvikling, etablerartenester, profilering og marknadsføring. Ei viktig drivkraft for å stifte selskapet var behovet for å koordinere og sjå initiativ knytt til regional næringsutvikling i samanheng.

For å sikre at BRB skulle bli ein sterk aktør i det regionale næringsutviklingsarbeidet, såg Bergen kommune det som avgjerande å ha med fylkeskommunen som partner, i tillegg til kommunane i regionen. Aksjedelinga i selskapet i dag gjenspeglar denne tredelinga.

Midlane til BRB er fordelt på to postar der halvparten går til drift og utvikling av organisasjonen og den andre halvparten går til regionale utviklingstiltak og prosjekt, særleg knytt til gjennomføring av tiltaka i Strategisk næringsplan for Bergensregionen. BRB har i tillegg fått monaleg støtte til ulike prosjekt over RUP budsjettet.

Av fylkesutvalet sitt vedtak i Sak 199/13 (sjå over) går det fram at støtte til BRB skal skje etter særskilt handsaming. Dette har å gjere med fylkeskommunen sin dobbeltrolle som hovudeigar og som stor bidragsytar til drift og prosjekt. Ei vurdering av korleis fylkeskommunen skal vidareføre sitt engasjement mot BRB må difor skje i nært samarbeid med Bergen kommune og dei andre eigarkommunane. Bergen kommune vidarefører støttenivået i 2014, men har dei to siste åra endra noko på føringane for bruk av midlane.

Fylkesrådmannen ta initiativ overfor dei andre eigarane får å gå gjennom innretning og nivå på den framtidige støtta til selskapet. Eg vil komme attande med resultatet av arbeidet som ei eiga sak i løpet av 2014. I påvente av denne vurderinga vil eg for 2014 tilrå at driftsstøtta til BRB vert vidareført på same nivå som i år med kr 2 400 000 medan prosjektstøtta vert tatt noko ned til kr 1,78 mill for ikkje overskride ramma for budsjettposten Prosjekt og institusjonar med driftstilskott i fylkesbudsjettet for 2014. Reduksjonen i prosjektstøtte kan delvis oppvegast av fleire søknader om støtte til prosjektfinansiering over HNH budsjettet.

I fylkesutvalet sitt møte 25.09.2013 vart spørsmålet om fylkeskommunal støtte til etablering og finansiering av Knowledge HUB Bergen handsama etter førespurnad frå BRB. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkesutvalet gjev si tilslutning til at Hordaland fylkeskommune er med på etablering av ein Academia Europaea Knowledge Hub i Bergen.*
2. *Årleg kostnad på kr 200 000 over 5 år vert tatt frå «BRB, prosjektstøtte» under budsjettposten Prosjekt med mellombelse driftstilskot.*

Dette inneberer at støtte til prosjektutvikling i regi av BRB vil bli tatt ned med ei tilsvarande beløp.

4. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over budsjettet i Handlingsprogram for regional næringsutvikling (HNH budsjettet), tidlegare RUP budsjettet.

Frå 1. januar 2014 kom det ein ny nasjonal forskrift og retningsliner for forvaltning av regionale virkemidlar. Desse er tatt omsyn til, i tillegg til de regionale retningslinene. Fylkesrådmannen viser også til eiga sak om Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland som blir lagt fram i same møte.

Alle aktører og prosjekt som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram i regi av IN, SIVA eller Forskningsrådet er samla her. Med unntak av næringshageprogrammet, ligg det ikkje noko formell plikt for fylkeskommunane til å støtte deltakarane i slike program. Næringshageprogrammet er eit fellesprogram mellom SIVA og fylkeskommunane og det er forventa at fylkeskommunen stiller opp med støtte tilsvarande støtta frå SIVA.

Desse aktørane har eit hovudfokus innafor område som er viktige satsingsområde i næringsplanen. Vellukka satsingar i regi av programma vil dermed medverke til å oppnå måla i næringsplanen. Eit argument for å oppretthalde støtta er at næringslivet aukar si støtte med ein sum tilsvarande den fylkeskommunen går inn med.

I følgje dei nasjonale retningslinene kan utviklingsaktører og prosjekt berre støttast for ein periode på inntil 5 år med statlege utviklingsmidlar. Utviklingsaktører som er med i nasjonale program kan likevel støttast så lenge dei er med i programmet. Dei mest aktuelle programma er nettverksprogramma i regi av IN (Arena, NCE og eventuelt GCE), næringshage og inkubator programma i regi av SIVA, VRI programmet, og programmet for Senter for forskingsdrevet innovasjon i regi av Forskningsrådet. Vidare går det fram av retningslinene at fylkeskommunane kan støtte Ungt entreprenørskap.

Tabellen under gjer ein oversikt over støtte i 2013 over det tidlegare RUP budsjettet og fylkesrådmannen sitt forslag til støtte for 2014 og eventuelt seinare. Forslaget er delvis basert på tilrådingar i denne saka og delvis på tidlegare vedtak i fylkesutvalet.

Tabell som visar noverande støtte i 2013 over RUP budsjettet og forslag til vidare støtte over HNH budsjettet (støtte i heile 1000 kr):

Organisasjon	Støtte i 2013	Forslag til støtte	Gjeld for åra	Anna offentleg støtte
NCE Subsea	500 000	550 000	2014 - 2016	NCE programmet, IN
Filmfondet FUZZ	650 000	650 000	2014	Bergen kommune
UPTIME Centre of Competence	250 000	250 000	2014	Lite, hovudsakleg næringslivet
Atheno	1 300 000	1 300 000	2014 - 2015	Inkubatorprogrammet, SIVA
Industriutvikling Vest	700 000	700 000	2014 - 2015	Inkubatorprogrammet, SIVA
Nyskapingsparken Inkubator	900 000	900 000	2014 - 2016	Inkubatorprogrammet, SIVA
MediArena	200 000	200 000	2014	Arenaprogrammet, IN
NCE Tourism Fjord Norway	350 000	350 000	2014 - 2016	NCE programmet, IN
Næringshagane Nordhordland, Gulen og Masfjorden og Voss	900 000	900 000	2014 - 2015	Næringshageprogrammet, SIVA
Connect Vest	800 000	800 000 ¹⁾	2014	Bergen kommune, IN m. fl.
Ungt Entreprenørskap Hordaland	400 000	400 000	2014 - 2016	Bergen kommune, IN m. fl.
Bergen internasjonale filmfestival, BIFF	250 000	0		Bergen kommune
Nordiske Mediedager	260 000	0		Bergen kommune
Maritimt forum Bergensregionen	500 000	500 000	2014 - 2015	Bergen kommune
Design Region Bergen	500 000	500 000	2014 - 2015	Bergen kommune
Fiskeriforum Vest	192 000	190 000	2014 - 2015	Bergen kommune
TOTALT	8 652 000	8 190 000		

¹⁾ Foreløpig ramme. Fylkesrådmannen kjem attende med eiga sak om støtte til Connct Vest i 2014.

NCE Subsea

NCE Subsea har vore med i NCE programmet frå 2006. I heile perioden har dei vore støtta av fylkeskommunen. I NCE programmet ligg det inne ei nasjonal evaluering kvart 3. år. I samband med oppstart og evalueringane etter 3 og 6 år har spørsmålet om vidareføring av støtte vore oppe til politisk handsaming i fylkeskommunen. Siste evaluering skjedde høsten 2012 og NCE Subsea fekk forlenga sin avtale om deltaking i det nasjonale programmet fram til 2016. Fylkeskommunen sin vidareføring av støtta vart handsama av fylkesutvalet 29.08.13 kor det vart gjort slikt vedtak:

Fylkesutvalet ser positivt på arbeidet i NCE Subsea SA og vidarefører partnerskapsavtalen fram til 2016 medrekna ei årleg støtte på kr 550 000.

NCE Subsea har ambisjonar om å søke på det Global Centre of Expertice (GCE) programmet når det vert lansert av IN seinare i år. I samband med dette har dei starta ein strategiprosess med sikte på å styrke sin sjanse til å komme med i GCE programmet. Denne prosessen er støtta av fylkeskommunen.

Filmfondet FUZZ

FUZZ AS er eit regionalt filmfond, som forvaltar eit investeringsfond bestående av kapital frå private investorar og eit årleg statstilskot. FUZZ skal ivareta både næringspolitiske og kulturpolitiske interesser retta mot film.

Fylkesutvalet vedtok 23.06.2011:

«Hordaland fylkeskommune gjev driftstilskot til FUZZ med kr 650.000 årleg i åra 2012-2014, til saman kr 1.950.000. Løyvinga vert gjort frå regionalt utviklingsprogram (RUP)».

Fylkesrådmannen vil komme attende med ei eiga sak til fylkesutvalet i 2014 med ei oppsummering av erfaringane og ei vurdering av vidare støtte til Filmfondet FUZZ.

UPTIME Centre of Competence

Hordaland har ei rekke bedrifter innan drift og vedlikehald for både maritim sektor og offshore sektoren. UPTIME Centre of Competence vart oppretta i 2012 og skal fasilitera klyngesamarbeid og levere fagleg sterke tenester for denne typen verksemder. Senteret skal utvikle kunnskap, teknologi og løysingar som kan stimulera til auka konkurransekraft og auka entreprenørskap. Spørsmålet om støtte til senteret vart handsama av fylkesutvalet 22.03.2012 som sak 79/12 og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkesutvalet ser positivt på opprettinga av UPTIME Centre of Competence, og legg særleg vekt på at næringsaktørane saman med forskings- og utdanningsaktørane har teke eit stort ansvar for etablering og utvikling av senteret.*
2. *Fylkeskommunen støttar etableringa med kr 500 000 som prosjektstøtte/etableringsstøtte for 2012. Vidare inngår fylkeskommunen ein partnerskapsavtale med UPTIME Centre of Competence for perioden 2012 til 2014 med ei årleg økonomisk ramme på kr 250 000. Løyvingane vert dekte over Regionalt utviklingsprogram.*
3. *Fylkesutvalet ønskjer ei evaluering av tiltaket i løpet av 2014.*

Støtte for 2014 vert vidareført i tråd med fylkesutvalet sitt vedtak og fylkesrådmannen vil komme attende med ei eiga sak med ein vurdering av vidare støtte til senteret i løpet av 2014.

Atheno

I revidert nasjonalbudsjett for 2010 fekk SIVA 25 mill kr til oppretting av 5 maritime inkubatorar. Ein av desse var Atheno og avtalen med SIVA gjeld til 2015. Dei fleste av dei større industriaktørane i

Sunnhordland er med i Atheno. I tråd med avtalen med SIVA har fylkeskommunen fulgt opp tidlegare praksis og støtter Atheno med eit årleg beløp på linje med SIVA si støtte. For 2013 er beløpet på 1,3 mill kr. I tillegg til aktiviteten på Stord, har Atheno teke på seg ansvaret for å opprette nodar/avdelingar på Bømlo, Tysnes, Austevoll og i Kvinnherad. Dette er grunnen til at støttebeløpet er så vidt høgt.

Fylkeskommunen har dei seinare åra nytta delar av dei øyremerkte midlane til omstilling og nyskaping over RUP budsjettet til å støtte inkubatorane Atheno og Industriutvikling Vest samt til næringshagane. Disponering av omstillingsmidlane skjer årleg gjennom ei eiga sak til fylkesutvalet, sist i Sak 124/13 den 24.04.2013. I desse saksframlegga har det vore gitt ein status i arbeidet med kvar av inkubatorane og ei tilråding om støttebeløp. I tildeling av støtte har fylkesrådmannen holdt seg til desse tilrådingane.

Fylkesrådmannen tilrår at støtte til Atheno held fram på om lag same nivå som no ut avtaleperioden med SIVA. I 2015 vil eg komme attende med ei sak med ein vurdering av resultatata av støtta for perioden 2010 til 2015 og ei eventuell vidareføring av fylkeskommunal støtte til Atheno.

Industriutvikling Vest

Inkubatoren Industriutvikling Vest vart etablert med utgangspunkt i industrimiljøet på Mongstad. Den vart tatt opp i SIVA sitt inkubatorprogram for ein fem års periode frå 2011 til 2015. Sterke industrinamn som Mongstad Vekst, BKK AS, Statoil, Frank Mohn AS og PSW Group AS står bak etableringa og har forplikta seg til å støtte inkubatoren i programperioden. Hovudformål er å utvikle investerbare forretningsutviklingsprosjekt, fortrinnsvis i samarbeid med eigarane. Overordna mål er å skape ti nye verksemder i programperioden. Årleg støtte frå fylkeskommunen har vore kr 700 000.

Støtte til Industriutvikling Vest AS har vore handsama i samband med disponering av omstillingsmidlane på same måte som støtte til Atheno, sjå over. Også for Industriutvikling Vest vil fylkesrådmannen tilrå vidare støtte på om lag same nivå som no ut avtaleperioden med SIVA i 2015. Eg tek sikte på å komme attende med ein meir omfattande vurdering av resultatata før ein eventuell vidareføring av støtte for ein ny periode.

Nyskapingsparken

Nyskapingsparken er ein FoU-inkubator støtta av SIVA og knytt til UiB og høgskulane. Dette er den tredje inkubatoren støtta av fylkeskommunen og har fått fylkeskommunal støtte sidan oppstart i 2007.

Nyskapingsparken har fått årleg tilskott frå fylkeskommunen på rundt kr 900 000 dei siste åra.

I 2012 fekk den fornøya sin avtale om deltaking i SIVA sitt inkubatorprogram for ein ny fem års periode fram til 2016. Hovudmålsettinga er å drive forretningsutvikling basert på resultat av forskingsaktiviteten ved UiB og høgskulane. Nyskapingsparken samarbeider nært med BTO.

Nyskapingsparken har prosjektleiaransvar for nettverket INUNET, der alle inkubatorane, næringshagane, Innovasjon Noreg og HFK deltek.

Fylkesrådmannen meiner støtte til Nyskapingsparken er eit godt og viktig tiltak for å nå måla i næringsplanen om auka innovasjon og entreprenørskap. Eg vil difor tilrå at støtta vert vidareført for resten av noverande programperiode ut 2016. Når noverande programperiode går ut vil fylkesrådmannen komme attende med ei vurdering av oppnådde resultat og ei eventuell vidareføring av fylkeskommunal støtte.

MediArena:

MediArena skal bidra til å vidareutvikle samarbeidsrelasjonar i næringslivet og styrkje den kollektive kompetansen i næringa på ein måte som fremjar innovasjon og verdiskaping. MediArena har mottatt årleg støtte frå RUP-budsjettet på kr 200 000,- for åra 2010-2012. I 2013 fekk MediArena forlenga ARENA-status frå Innovasjon Noreg med to år.

Som eit ledd i etableringa av MediaCity Bergen blir det no arbeidd med å få på plass ein ny medlemsorganisasjon i medienæringa. Denne vil då kunne overta ein del av dei administrative

arbeidsoppgåvene som MediArena har hatt dei siste åra, slik at MediArena i enno større grad kan rette merksemda mot forskning, innovasjon og klyngeutvikling. Vidare støtter fylkeskommunen UiB i arbeidet med å fremme ein søknad til Forskningsrådet om å utvikle eit senter for forskingsdrevet innovasjon knytt til MediaCity Bergen. Dersom UiB lukkast med søknaden, vil det ligge til rette for ei koordinering av aktiviteten mellom MediArena og eit eventuelt nytt senter for forskingsdriven innovasjon.

MediArena er med i IN sitt Arena program ut 2014. Fylkesrådmannen tilrår difor at støtte til MediArena vert vidareført for 2014 med kr 200 000. I løpet av 2014 vil eg komme attende med ei sak med oppsummering av resultatata av arbeidet med MediArena og ei eventuell vidare fylkeskommunal støtte til klyngeutvikling innafør mediebransjen.

NCE Tourism Fjord Norway

NCE Tourism Fjord Norway er ferdig med sin første treårige periode og har etter evaluering fått klarsignal til å halde fram med ein ny treårsperiode i eit totalt tiårig program. Prosjektet er eigd av Fjord Norge AS og har i første periode fått kr 350 000 i støtte per år frå kvart av dei fire fylka på Vestlandet. Til fylkesutvalet sitt møte 31.10.2013 (Sak 226/13) blei det fremma ei sak om vidareføring av partnerskapsavtalen med NCE Tourism Fjord Norway kor det blei gjort slikt vedtak:

Fylkesutvalet ser positivt på arbeidet i NCE Tourism Fjord Norway og vidarefører partnerskapsavtalen fram til 2016 medrekna ei årleg støtte på kr. 350 000. Midlane blir tatt frå RUP budsjettet.

Når noverande periode går ut i 2016, vil fylkesrådmannen komme attende med ei vurdering av oppnådde resultat og ei eventuell vidareføring av fylkeskommunal støtte.

Næringshagane

Våren 2011 lanserte SIVA eit nytt Næringshageprogram for 2011-2020. I det nye Næringshageprogrammet vert det lagt vekt på innovasjon og nyskaping. Føremålet er også å auka næringshagane sin attraktivitet for høgt utdanna menneske, samt styrke næringshagemiljøet si evne som lokalt nettverkssenter og pådrivar for kunnskapsbedrifter i regionen.

Fylkesutvalet vedtok 13. oktober 2011 ein strategi for tilslutning til og drift av næringshagar i Hordaland. Eit mål i strategien er å jobbe for å få fem næringshagar inn det nasjonale næringshageprogrammet. Som ein del av strategien har fylkeskommunen forplikta seg til ei støtte på kr 300.000 pr næringshage pr år så lenge næringshagen er med i næringshageprogrammet. Som ein del av det nasjonale næringshageprogrammet skal dei næringshagane som er med bli evaluert kvart tredje år mellom anna med sikte på å vurdere vidare deltaking i programmet.

Det er dei tre næringshagane Nordhordland Næringshage, Næringshagen på Voss, og Gulen og Masfjorden Næringshage som er med i programmet. Dei tre næringshagane har kome med i 2012 og 2013. Fylkeskommunal støtte ei avgjerande for eksistensen til næringshagane. Sidan Gulen og Masfjorden næringshage har aktivitet i to fylke vert den fylkeskommunale støtta delt mellom fylka. Næringshagane samarbeider seg i mellom og med inkubatorane, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen gjennom nettverksprosjektet INUNET.

Fylkesrådmannen tilrår at støtte til dei næringshagane som er med i programmet vert vidareført på dagens nivå fram til første treårs periode er avslutta. I samband med evalueringa av kvar av næringshagane etter første tre års periode, vil det bli fremma ei sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av støtta. Fylkesrådmannen vil fortsette arbeidet med å forsøke å oppfylle den fylkeskommunale strategien om inntil 5 næringshagar i Hordaland. Forslag om fylkeskommunal støtte til eventuelle nye næringshagar vert lagt fram for fylkesutvalet, men det er sett av kr 150 000 i budsjetttramma for næringshagar til dette.

CONNECT Vest

CONNECT Vest (CV) er ei non-profit sjølvstendig medlemsforeining som kostnadsfritt hjelper gründerar og vekstselskap ved å kopla dei mot kompetanse, nettverk og kapital. Målet er ei raskare utvikling av vekstbedrifter, for dermed å skape fleire levedyktige bedrifter og arbeidsplassar. Tilgangen til kompetanse, nettverk og kapital vert tilbode gjennom ulike aktiviteter og prosessar. Medlemmar i CV bidrar med

kostnadsfri kompetanse til gründerar og vekstselskap gjennom å delta på CONNECT (Pre-) Springbrett®, Investorforum, Partnerforum, BedriftsAkselerator, direkte koplingar mm. På den andre sida gir dette CONNECT medlemmane tilgang på informasjon om nye vekstselskap, ny teknologi, nye løysningar, ny kompetanse, nye kundar, nettverk og investeringsmoglegheiter. Det er 5 regionale CONNECT-nettverk som samarbeider tett og som koordinerer aktivitet gjennom den nasjonale stiftelsen CONNECT Norge. CONNECT-nettverka i Noreg deltar aktivt i samspel med andre internasjonale CONNECT-nettverk.

Hovudmålsetjinga med alle aktivitetane og delprosjekta som CONNECT Vest gjennomfører er å skape gode og levedyktige gründerbedrifter. Alle delprosjekta har som grunnfilosofi at kontakt med næringslivskompetanse, investorar, potensielle kundar og samarbeidspartnarar styrker vekstselskap/gründerar og entreprenørar sin moglegheit til å lykkast.

I 2013 fekk Connect Vest fylkeskommunal støtte på kr 800.000 til sine ulike aktivitetar over RUP-budsjettet. Totalt har Connect Vest blitt støtta i meir enn fem år over RUP-budsjettet. Årsaka til at Connect Vest har fått støtte frå fylkeskommunen i fleire år, er at dei fyller eit tomrom i entreprenørskapskjeda.

Connect Vest har til no vore ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen og for andre regionale utviklingaktørar i arbeidet med vekstentreprenørar. Aktiviteten deira er godt forankra i regional næringsplan og handlingsprogrammet. Dersom Connect Vest må innstille eller redusere sin aktivitet på grunn av manglande fylkeskommunal støtte vil dette slå negativt ut i dette arbeidet.

Dei nasjonale retningslinene og våre eigne retningsliner har avgrensingar for kor lenge vi kan støtte ein aktør over HNH budsjettet, noko som kan ha betydning for vær støtte til Connect Vest. Fylkesrådmannen vil difor sjå nærare på moglegheitane for ei meir målretta samarbeid med Connect Vest med sikte på å oppfylle særskilte mål og innsatsområde i næringsplanen og handlingsprogrammet. Eg kjem attende til fylkesutvalet med ein eiga sak om dette og tilrår difor at det blir sett av ei ramme på inntil kr 800 000 til mogleg støtte til Connect Vest.

Ungt Entreprenørskap

I den regionale næringsplanen er satsing på entreprenørskap og innovasjon ein hovudstrategi. Organisasjonen Ungt Entreprenørskap vert trekt fram som eit særskilt viktig virkemiddel for å få fram fleire framtidige entreprenørar. Det syner seg at ein vesentleg større del av elevane med utdanning i entreprenørskap, slik Ungt Entreprenørskap tilbyr, startar eiga verksemd. Fylkeskommunen har i mange år støtta Ungt Entreprenørskap over både RUP-budsjettet og over Opplæringsavdelinga sitt budsjett. Over RUP-budsjettet har Ungt Entreprenørskap fått rundt kr 400.000 dei siste åra. Ungt Entreprenørskap arbeider heile tida med å få nye vidaregåande skular med og har til dømes nyleg gått inn i eit samarbeid med Odda vgs.

Ungt entreprenørskap gjer ei viktig jobb i arbeidet med å få fram nye dyktige gründerar i Hordaland. Av dei nasjonale retningslinene går det fram at Ungt entreprenørskap kan støttast over RUP midlane også utover ein periode på 5 år. Fylkesrådmannen vil difor tilrår at støtte til Ungt entreprenørskap over RUP budsjettet med kr 400 000 pr år vert vidareført for inntil 3 nye år frå 2014. Dersom det skulle bli aktuelt å støtte tiltaket ut over ein slik periode, vil eg komme attende med ein eiga sak om dette.

Bergen Internasjonale FilmFestival, BIFF

BIFF har utvikla seg til å bli ein av Nordens største mønstringar for dokumentarfilmfeltet, men er òg ein stor fiksjonsfilmfestival. Årleg presenterer festivalen mellom anna filmar frå Vestlandet, filmar om brot på menneskerettane og filmar i høve klimaproblematikken. I tillegg vert det arrangert seminar, meisterklassar, klimafestival, paneldebattar og samarbeidsprosjekt med ulike eksterne aktørar. Festivalen mottar årleg driftstøtte frå fylkeskommunen si Kultur- og idrettsavdeling og har òg mottatt prosjektmidlar frå Klima- og naturressursseksjonen. I tillegg har BIFF tidlegare år motteke driftsretta støtte over RUP budsjettet. I 2013 blei støtta over RUP budsjettet lagt om. I staden for driftsstøtte, kunne BIFF

søke om prosjektstøtte til konkrete næringsretta prosjekt som vert gjennomført i samband med festivalen. BIFF fekk i 2013 fått kr 100 000 i støtte til 3 slike prosjekt over RUP budsjettet.

Prosjektmidlane BIFF mottar har vore nødvendige for å oppretthalde og auke aktivitetane dei siste åra, då støtta på nasjonalt plan har vorte avkorta. BIFF har likevel allereie mottatt støtte over RUP budsjettet for meir enn 3 år. Fylkesrådmannen rår difor til at BIFF ikkje lengre vert støtta med driftsretta midlar over HNH budsjettet. BIFF er sjølv sagt velkomen til å søke prosjektmidlar frå HNH budsjettet på linje med andre aktørar med næringsretta utviklingsprosjekt.

Nordiske mediedagar

Nordiske mediedagar er ein nasjonal møtestad for mediebransjen som samlar alle medieplattformer. Nordiske Mediedagar har som eit langsiktig mål å styrke regionen som eit tyngdepunkt i norsk kultur- og medienæring. Nordiske mediedagar er ei ikkje-kommersiell stifting med stramme økonomiske rammer og er avhengig av offentleg støtte for å oppretthalde og vidareutvikle arrangementet.

Hordaland fylkeskommune har støtta arrangementet over tidlegare RUP-budsjettet sidan 2005. Dei siste tre åra har tilskotet vore om lag kr 250 000. Tilskotet har vore viktig for at Mediedagane har etablert seg som Nordens største fagkonferanse for mediebransjen. Arrangementet gir også god profilering for Hordaland.

Nordiske mediedagar har til no fått støtte over RUP-budsjettet lenger enn retningslinjene gjev moglegheiter for. Det er heller ikkje rammer for å støtte Nordiske mediedagar over budsjettposten Prosjekt og institusjonar med driftsstøtte over fylkesbudsjettet. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkeskommunen ikkje støtter Nordiske mediedagar med næringsretta utviklingsmidlar i 2014.

Design Region Bergen

Fylkesutvalet vedtok 21.03.2013 å løyve driftstilskot over RUP-budsjettet til Design Region Bergen i 2013 på kr 500 000,- (sjå vedtak i Sak 87/13 gjengitt over).

Design Region Bergen arbeider i hovudsak som ein brubyggjar mellom ulike designprofesjonar og for å aktualisere bruk av strategisk design inn mot næringsklynger. I tillegg arrangerer dei mellom anna Raff Designuke årleg, og har vore ein viktig aktør i arbeidet med å etablere eit ARENA-prosjekt innan design i Bergen. Design Region Bergen vil vere ein viktig bidragsytar inn i ARENA-prosjektet og driftstøtte frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune er avgjerande for at organisasjonen kan oppretthalde den aktiviteten dei legg opp til.

Fylkesrådmannen rår til at Design Region Bergen får kr 500 000 i støtte pr år over HNH budsjettet for åra 2014 og 2015. Deretter vil eg komme attende med ei eiga sak med vurdering av resultatet av samarbeidet før ei eventuell vidareføring av fylkeskommunal støtte.

Maritimt forum for Bergensregionen

I same sak som det vart vedtatt å gi kr 500 000 i støtte til Design Region Bergen vart det også vedtatt å gi same støtte til Maritimt forum for Bergensregionen (Sak 87/13).

Maritimt forum for Bergensregionen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for å betre rammetilhøva for den maritime sektoren. Dei organiserer både reiarlag, verft, utstyrsleverandørar, tenesteytarar, forskning og utdanning. Fokusområda er rekruttering og kompetanse, miljø, nærskipfart, næringspolitikk og synleggjering. Visjonen er «Bergensregionen – ein maritim region i verdsklasse».

For styrke arbeidet med klyngeutvikling av den maritime næringa i Bergensregionen tilrår fylkesrådmannen at Maritimt forum for Bergensregionen får kr 500 000 i støtte pr år i 2014 og 2015 over HNH budsjettet. I 2015 vil eg så komme attende med ei vurdering av resultatet av samarbeidet og ei eventuell vidareføring av den fylkeskommunale støtta.

Fiskeriforum Vest

I same vedtak kor det vart vedtatt å støtte Design Region Bergen og Maritimt forum for Bergensregionen med kr 500 000 i 2013, vart det også vedtatt å auka støtta til Fiskeriforum Vest til kr 500 000 ved å gi kr 192 000 over RUP budsjettet. (Sak 87/13).

Som nemnt under vurderinga av Fiskeriforum Vest over, vil fylkesrådmannen tilrå at dei får ei støtte på kr 190 000 pr år for 2014 og 2015 over RUP budsjettet i tillegg til støtta dei får posten Prosjekt og institusjonar med driftstilskott.